

## **Kapasitetstilpassing i pelagisk konsumindustri**

Dersom talet på mottak kan reduserast med 30-40% vil lønnsemda i den pelagisk konsumindustrien betre seg monaleg. Dette er konklusjonen i rapporten ”Konsekvensar ved ulike typar strukturering/kapasitetstilpassing i pelagisk sektor”, skriven av Nils-Arne Ekerhovd og Stein Ivar Steinshamn ved Samfunns- og Næringslivsforskning AS (SNF) på oppdrag av Fiskeri- og Havbruksnæringsens Forskningsfond (FHF).

Hovudmålet med denne rapporten er å kartleggje korleis endringar i foredlings- og produksjonskapasiteten kan påverke lønnsemda i den pelagiske konsumindustrien. Kort sagt: kva er optimal struktur gitt ulike føresetnader?

Metoden som blir nytta er ein operasjonell modell der ein maksimerer den samla samfunns-økonomiske og/eller privat-økonomiske avkastninga under føresetnad av at kvantum til kvar anvending for det einskilde fiskeslag ikkje må vere høgare enn totalkvoten for det fiskeslaget. I tillegg kan kvart anlegg ikkje ta imot meir fisk enn dei har kapasitet til. Modellen finn så det optimale talet på anlegg som beskriv strukturen i den totale verksemda.

Resultata viser at med dagens struktur er overkapasiteten innan pelagisk konsumindustri betydeleg. Sjølv om ressurstilgangen skulle vere vesentleg større enn det som vi legg til grunn, ville ein kunne ta i mot mest alt råstoffet med monaleg færre anlegg enn dagens struktur og samstundes ha ei mykje høgare avkastning.

Med fri kapasitetstilpassing fell talet på anlegg frå 42 til 25 dersom kapasitet per anlegg er 40 000 tonn per år. Samstundes aukar lønnsemda med 27 % samanlikna med dagens kapasitet.

Dersom ressurstilgangen vert redusert med 25 % er optimale talet til 13 anlegg. Avkastningsauken er i dette høve på heile 80 % dersom ein tillet fri kapasitetstilpassing. Altså vert lønnsemda av å redusere kapasiteten relativt viktigare jo mindre kvotene er.

Talet på sysselsette vil gå ned som følge av ein kapasitetsreduksjon. Likevel, kan det ikkje vere enkelt næringar si oppgåve å halde oppe sysselsettinga. Den viktigaste føresetnaden for stabil sysselsetting er trygge arbeidsplassar - trygge arbeidsplassar sikrast best gjennom god lønnsemd.

Dersom råstofftilgangen hadde vore konstant og nokolunde stabil over tid, ville ein hatt ein eintydig optimal kapasitet i foredlingsindustrien. Om denne vart realisert, ville det heller ikkje vore noko problem med overkapasitet; ein ville hatt full utnytting av kapasiteten heile tida. Det er stort sett dette problemet rapporten drøftar. Det må likevel takast atterhald om at føresetnaden om stabile kvoter ikkje er realistisk.

I røynda er fiskekvotene både usikre og ustabile, og det er vidare periodar med aukande eller avtakande trendar i kvotene som speglar dei biologiske tilhøva og forvaltninga av bestandane. Gitt denne usikkerheita blir det å skulle bestemme optimal kapasitet straks meir komplisert.

Jo større kapasitet ein har, desto lågare vil den gjennomsnittlege utnyttingsgraden av kapasiteten vere når råstofftilgangen

varierer frå år til år. Difor vil den optimale kapasiteten først og fremst bli bestemt av dei faste kostnadene. Konklusjonen er at det vil aldri lønne seg å ha stor nok kapasitet til å kunne ta alle tenkelege kvoter uansett kor store dei er. Spesielt dersom veldig store kvoter er svært sjeldne, vil det ikkje vere lønnsamt å ha ledig kapasitet for å kunne ta desse.

Forskjellen mellom den optimale kapasiteten og den kapasiteten som trengs for å ta unna alle realistiske kvoter vil vere større dess større den faste kostnaden knytt til kapasitet er. Sidan den noverande kapasiteten synes å ha vore stor nok til å ta mot store landingar dei siste åra og også alle realistiske forventade landingar i åra som kjem, kan ein på bakgrunn av dette konkludere med at kapasiteten per i dag er for stor.

Rapporten ”Konsekvensar ved ulike typar strukturering/kapasitetstilpassing i pelagisk sektor” er tilgjengeleg frå SNF og FHF sine heimesider.



Et selskap i NHH-miljøet

**SNF** er eitt av Noregs største og tyngste forskningsmiljø innan anvendt økonomisk-administrativ forskning, og har gode samarbeidsrelasjonar til andre forskningsmiljø i Noreg og utlandet. Verksemda drives med basis i eigen stab og fagmiljøa ved Norges Handelshøyskole og Institutt for økonomi ved Universitetet i Bergen.

Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF), Breivikveien 40, 5045 Bergen. Tlf. 55 95 95 00. [www.snf.no](http://www.snf.no)

Kontaktperson: Nils-Arne Ekerhovd.  
Forskar SNF. Tlf. 55 95 95 88.  
[nilsarne.ekerhovd@snf.no](mailto:nilsarne.ekerhovd@snf.no)